

Bente Kopperdal Hervik

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2530 - 21/18222

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
16.03.2021

## **Iøyve til transport med helikopter - dagsturhytta i Byngja - gbnr 428/79 Kvalheim nedre**

**Administrativt vedtak: Saknr: 345/21**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Alver kommune med dette Alver kommune, Bygg, areal og grønt løyve til landing og start med helikopter frå/til Byngja dagsturhytta i samband med naudsynt levering av byggingsmaterialer.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet skal bringast med under oppdraget og kunne visast fram ved kontroll.
- Det skal førast logg for løfta. Loggen skal innehalde dato for flyging, tal turar og tid på døgnet.
- Landing/ start skal gjennomførast veke 11 eller 12, 2021. Planlagt onsdag 17. Marts 2021 eller torsdag 18. Marts 2021.
- Inntil 7 hiv.
- Det skal takast særskild omsyn til naturverdier, friluftsliv og liknande ved flying og landing.

Grunngjeving for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering.

### **Saka gjeld**

Alver kommune søker i brev dagsett 09.03.2021 om løyve til helikoptertransport. Søknad er behandlet som hastesak av Alver kommune. Det er søkt om helikoptertransport av naudsynt byggingsmaterialer til Byngja dagsturhytta i Alver kommune. Utflyging er planlagt fra Bergen og omland friluftsråds parkeringsplass på Byngje. Planlagt transport er onsdag 17. Marts 2021 eller torsdag 18. Marts 2021. Der søkes om inntil 7 hiv. Det er i praksis ikkje mogeleg å frakte inn desse varene utan bruk av helikopter.

Flyginga vert gjort av Stadt kystbygg. Bergen og omland friluftsråd, som er grunneigar både på parkeringsplassen og på hyttetomta har gjeve løyve.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

**VURDERING:**

Motorferdsel i utmark er regulert av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Lova har som føremål å regulere motorferdsel ut frå ei samfunnsmessig heilhet med sikte på verne om naturmiljøet og fremje trivselen, jf. § 1. Etter lovas § 2 er helikopter omfatta av lova. § 2 i lova gjeld kva som kan definerast som utmark, ein skal nyta same definisjon som i friluftslova § 1 første ledd. Med utmark er meint udyrka mark som ikkje vert rekna som innmark. Arealet i denne saka er utmarksareal. Etter § 3 er motorferdsel i utmark og vassdrag ikkje tillate med mindre anna føl av lova eller vedtak med heimel i lova.

Ei landing med helikopter blir ikkje omfatta §§ 4 og 4a som definerer lovleg motorferdsel i utmark, og er difor søknadspliktig. Landing er og henting og bringing av passasjerer og gods, sjølv om landing i egentlig forstand ikkje skjer. Det opnast for løyver etter søknad i lovas § 6. Paragrafen opnar for at når særlege grunnar føreligg kan kommunen gi løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikkje kan finna stad med heimel i lov eller forskrift. Høve til å gi dispensasjon må praktiserast i lys av lova sitt føremål om å redusere motorferdsela til eit minimum.

Administrasjonen meiner at det i denne saka vil vere snakk om ein særleg grunn som opnar for bruk av lovas § 6.

Administrasjonen viser til Rundskriv T-1/96 Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82, kapittel 8.5 tillatelse til bruk av motorfartøy og luftfartøy. Der står det:

«Ved vurdering av om "særlege grunner" foreligger, vil det være av betydning om motorferdselen er nødvendig og har et nytteformål.»

Dersom krav til særlege grunnar er oppfylt, må det gjerast ei samla vurdering av saka mot lova sitt føremål, jf. rundskriv T-1/96. Administrasjonen meiner det ligg føre særlege grunnar i saka fordi det er eit nyttig føremål og er naudsynt.

Søknaden skal vurderast etter Naturmangfaldslova NML §§ 8-12 jf. § 7 i naturmangfoldlova. Kommunen har gjort søk i artsdatabanken og naturbase, og det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket. Kommunen meiner at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei omsyna som naturmangfaldslova §§ 8-12 skal ta vare på. Administrasjonen kan ikkje sjå at transporten kjem i konflikt med naturverdiar i området. Sjølv gjennomføringa vil medføre noko støy, men administrasjonen viser til at det vil vere i ein svært avgrensa periode og difor ikkje medføra unødig uroing. Dette løyve gjeldt dispensasjon frå motorferdsellova. I tillegg må søker ha løyve frå gunneigar.

**Regelverk**

LOV 1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfold.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bente Kopperdal Hervik  
Bygg, areal og grønt